



Felles profilering av arrangement under vignetten Sommarbygda Uskedalen er eit tema under det første Dialogforumet. Dette biletet vart teke under Aktivitetsdagen i 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er meldt inn eit bredt spekter av saker til det første Dialogforumet, som vert halde i Gamleskolen klokka 20 tysdag 25.mars opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal. Han trur på godt frammøte og stort engasjement frå dei som kjem.

Bringedal strekar under at det er viktig at den eller dei som har meldt inn tema møter og legg fram "si"sak. Sakene handlar om buss-skur, turvegar, felles sommarprofilering, breiband oppe i dalen og vertskapsrolla.

Dialogforumet er eit framhald og ei utdjuing av Bygdeutviklingsprosjektet og hensikten med tiltaket er ikkje minst å løysa aktuelle saker på ein rask og effektiv måte.



Kristian Bringedal er prosjektleiar for det nye Dialogforumet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Her er ei oversikt over tema og kven som har meldt inn sakene:

- Buss-skur, særleg nedafor Halsabrotet og i Korsneset. Meldt inn av Harald Sunde og Kjetil Hauge. Velforeningen i Korsneset har jobba med dette i lengre tid.
- Turveggar i nærområdet og merka stiar til fjells. Meldt inn av Steinar Haugland frå turgruppa i idrettslaget. Saka gjeld forbetringar og fordeling av ansvar.
- Felles profilering av Sommarbygda Uskedalen. Meldt inn av Magne Huglen og Kristian Bringedal. Oversikt over alle større tilskipingar i sommar, Profilering: Plakat, nettside og bruk av media elles.
- Breiband – fiber til brukarar oppe i dalen. Meldt inn av Tore Mathiesen. Korleis forbeta tilboidet for dei som bur på Haugland, Musland og Friheim.
- Vertskapsrolla overfor tilflyttarar, nyetablerarar og folk frå andre land. Meldt inn av Ola Matti Mathisen og Magne Huglen. Kva kan vi gjera for tilflyttarane og folk med arbeid frå ulike land?

Av Ola Matti Mathisen